

Kjennemerke for Tinnmålet ved Ragnar Dybdal

Det er nytta lydskrift i denne artikkelen.

- Stor L tyder tjukk L, som i **guL**
- Kolon etter ein vokal tyder at vokalen er lang, som i **ågå:´le**
- Aksenten ` over ein o tyder mellomvokal, som i **pòst**
- Aksenten ´ etter ei staving tyder at trykket skal ligge på denne stavinga, som i **bukjøýre** (trykket skal altså ligge på **kjøý**)
- Aksentane ` og ´ før og etter ei staving tyder at stavingane i ordet skal ha likt trykk (jamvektstrykk), som i **vø`rå´**

Tinnmålet, som er talemålet i Tinn og Hovin, høyrer med i det store dialektområdet som har namnet **austnorsk**: Austlandet, storparten av Telemark og vidare nordover Numedal, Hallingdal, Valdres og Gudbrandsdalen, heile Trøndelag pluss Nord-Møre.

Fellestrekk for austnorsk

Det språklege fellestrekket for dette store området er det som er kalla kløyvd infinitiv: Verb i infinitiv skil seg i to ulike grupper med ulik ending. I skriftleg norsk, både bokmål og nynorsk, kan vi bruke kløyvd infinitiv dersom vi ønskjer det, og da er endingane - e og - a. Bokmål (og nynorsk): å skrive / å sova. I Tinn er endingane –e og –å. Vi seier **kaste** og **skrive** / **vørå** og **såvå**.

Skillet mellom Aust-Telemark og Vest-Telemark

Endingane –e og –å i infinitiv av verb plasserer Tinn saman med dei andre dialektane i Aust-Telemark. Det at vi har endinga –å, fortel om eit lydfenomen som blir kalla **jamning**. Vi finn dette i Aust-Telemark, Numedal, Gudbrandsdalen og ikkje minst i Trøndelag. Jamning går ut på at vokalane i jamvektssord påverkar kvarandre. Norrøn infinitiv *vita* kan bli til *veta*. Da er det svak jamning: *a* har verka på rotvokalen *i* og gjort han om til *e*. I Tinn har *vita* blitt til **vytå** - *i* har blitt til *y* og endinga *a* har blitt til *å*. I nokre trønderske målføre har denne infinitiven fått uttalen *våttå*. Da er jamninga total og kan ikkje utvikle seg vidare. I Vest-Telemark er endingane –e og –a: *kaste* og *vita*, heilt utan jamning.

Eit anna tydeleg skille mellom aust og vest i Telemark er **tjukk L**. I aust seier vi for eksempel **guL** (gul) og **joL** (jord), men i Vest-Telemark er uttalen med tynn L og r: *gul* og *for*.

Eit tredje særtrekk som skil mellom aust og vest i Telemark er uttalen av ord som **kvit** og **kvass**. Her heiter det **gvit** og **gvass** i Tinn og Aust-Telemark pluss Numedal, men *kvit* og *kvass* i Vest-Telemark.

Felles for Tinn og Vest-Telemark

Tinn og Vest-Telemark (ikkje Fyresdal og Nissedal) har ein vokal meir enn det norske skriftspråket. Han er kalla mellomvokalen og høyrst i ord som **pòst** og **skòt**, for eksempel. I uttale ligg denne vokalen og «svevar» mellom vokalane å, ø og o. I andre dialektar går han over til å (eit skåt) eller ø (eit skøt). Vokalen har også vore kalla «Vesås-o» etter forfattaren Tarjei Vesås frå Vinje.

Samsvar mellom Tinn og målføra i nord

Så er det også slik at Tinn skil seg ut frå dei andre målføra i Aust-Telemark, og da er det ofte at tinnmålet slår følge med talemåla i nord, Numedal og Hallingdal. Dette er ikkje så underleg, for det har vore mykje ferdsel og kontakt frå Tinn/Hovin mot nord og aust.

1. Lett å leggje merke til er pronomenet i fyrste person eintal – i nynorsk eg/meg og i bokmål jeg/meg. I Tinn heiter det **e** og **me**, men i Aust-Telemark og også i Vest-Telemark seier dei *eg* og *meg*. Både Numedal og Hallingdal har her det same som Tinn.
2. I presens av svake verb er det bortfall av –r: **Å kaste** (infinitiv) – **kasta** (presens), **å kjøpe** (infinitiv) – **kjøpe** (presens). Slik er det også i Tuddal i sør og i Numedal i nord. I Aust-Telemark elles er det *kastar* og *kjøper*.
3. Fleirtal av substantiv får bortfall av –r. I Tinn (og Tuddal) seier vi **ein hest - fleire hesta** – som i Numedal. Aust-Telemark: *hestar*.
4. Bestemt form av sterke hokjønnsord har endinga –e. Slik er det i Tinn, Tuddal, og øvre Hjartdal: **Ei bygd - bygde**. Dette samsvarar med Numedal og vidare nordover. I Aust-Telemark heiter det *ei bygd - bygda*.
5. Vokalen a blir alltid uttalt å framfor konsonantsambandet ng. Tinn og øvre Numedal (Uvdal og Nore): **lång, vrång, månge**. I Aust-Telemark seier dei *lang, vrang, mange*.

Eit par «spesiallaga» setningar viser skilnaden mellom Tinn og typisk Aust-Telemark (Heddal):

Tinn: **E møte månge bila i bygde**. Heddal: *Eg møter mange bilar i bygda*.

Tinn: **E henta långe stokka i lie**. Heddal: *Eg hentar lange stokkar i lia*.

Tinnmålet har tradisjonelt blitt plassert saman med dei andre målføra i Aust-Telemark. Eksempla ovanfor fortel oss at Tinn har mange språktrekk felles med bygdene mot nord; Øvre Numedal og Hallingdal. Derfor kan vi med god grunn sjå på Tinn som eit «mellomområde», ein formidlar mellom dei typiske telemåla og talemåla i dei store dalane i nord.

Tinn samsvarar ikkje med grannemåla

Tinnmålet har eit særtrekk som gjer at det skil seg ut frå grannemåla i nord og sør og slår fylgje med måla i Midt- og Nord-Gudbrandsdal. Det er jo nokså underleg, for avstanden dit er stor. Dette særtrekket blir kalla jamvektstrykk, og vi kan bruke infinitiven vera som eksempel, i Tinn **vørå**. Vokalen ø er kort og konsonanten r er kort, og for at det skal gå an å uttale ordet får dei to stavingane eit tilnærma likeverdige trykk: **vø`rå´**. Truleg har det vore ein liknande uttale av denne typen ord i det gamle norrøne språket. Vi kallar dei jamvektsord. (Her må vi innrømme at vi aldri har høyrte korleis folk uttalte slike ord på 1200-talet.)

I moderne norske talemål er det vanleg at vokalen har blitt forlenga og den fyrste stavinga får heile trykket: Vi seier *væ:ˈre*, *væ:ˈra* eller *vø:ˈrå*. I Trøndelag er det konsonanten som har blitt forlenga i slike ord: *værra* eller *vårrå*.

I tinnmålet er det mange grupper av ord som har jamvektstrykk. Vi har nemnt infinitiven *vørå*. Andre eksempel på verb (infinitiv) er *børå*, *båká*, *kåmå*, *vytå* (= vita), *jågå*. Hankjønnsord: *hane*, *maje* (= mage), *neve*, *pøse*, *biti* (= bette). I fleirtal får desse orda det vi kalla jamningsform: *hånå*, *mågå*, *nøvå*, *påså*, *bytå*. Hokjønnsord: *vikū* (= veke), *stògu*, *furū*, *kjyru* (= tjøre), *smiu* (= smie).

Storparten av hankjønnsorda får endinga –a, –an i fleirtal, som *gut*, fleire *guta*, alle *gutan*. I Tinn finst det framleis ei lita gruppe hankjønnsord som får endinga –u, –un. Desse har samanheng med tilsvarande fleirtalsbøying i norrønt, og er kalla u-stamme. Tinndølar seier *røˈvuˈ - røˈvunˈ* som fleirtal av *røv* (rev) og *veˈguˈ - veˈgunˈ* som fleirtal av *væg* (veg). Andre eksempel er *gångu* (fleirtal av gong), *vøttu* (vott), *grisu*, *kattu*. I eldre mål var det fleire ord som høyrde til i denne gruppa, men dei har glidd over til den mektige –a, –an- bøyinga. Eksempel: *tøpp - tøppu*, *bås - båsū*, *fòss - fòssu*, *bjønn - bjønnu*.

Tinn samsvarar ikkje med andre norske talemål

Til slutt skal vi sjå nærare på eit språkleg fenomen i tinnmålet som ikkje er registrert i noko anna norsk målføre. Tinn står altså aleine om dette. Målføregranskaren Olai Skulerud (1881 – 1963) interesserte seg spesielt for tinnmålet, og han var mykje i Tinn og lytta og noterte frå ca. 1910 og i fleire ti-år framover. Han fann noko som han kalla rørlig aksent i jamvektssord. Trykket kunne skifte mellom

- fullt trykk og lengd på den fyrste stavinga: *vø:ˈrå*
- jamt fordelt trykk mellom fyrste og andre staving: *vøˈråˈ*
- fullt trykk og lengd på den andre stavinga: *vørå:ˈ*

Det er den sistnemnde varianten som er den mest underlege. Skulerud meinte at fullt trykk og lengd på andrestavinga hadde samanheng med setningsrytmen, som for eksempel i setningane: *dæ æ kje gøtt vytå:ˈ* og *han va no bærrer kLe:n te spølå:ˈ*.

Tinnmålet har ikkje lenger det som Skulerud kalla «rørlig aksent». På 1970-talet registrerte eg at eldre folk – fødde på slutten av 1800-talet – av og til kunne leggje heile trykket på den andre stavinga: *dæm ha jørå:ˈ støtt* og *før me he noko øtå:ˈ på*.

I dag vil slike ord bli uttalt med tilnærma likt fordelt trykk mellom den fyrste og den andre stavinga: *vyˈtåˈ*, *spøˈlåˈ*, *jøˈråˈ*, *øˈtåˈ*. Tinnmålet har altså ei trykkfordeling i jamvektssord som omtrent tilsvarar det vi kan høyre i Gudbrandsdalen.

Men det finst restar av det gamle andreleddstrykket, vanlegast i samansette ord der trykket blir lagt på den andre stavinga. Det normale i norske talemål er fullt trykk på fyrstestavinga i tilsvarande samansettingar. Heilt gjennomført er dette i ordet *gutunge* som av tinndølar blir uttalt *gutoˈnje*. Andre eksempel er:

fasy'ste og **mosy'ste** = farsyster og morsyster (tante)

myhånk' = myhank, stankelbein (ein stor mygg med lange bein)

skofò:t' = skofot, litt uvande kvardagsskor

lemænn' = lemen, liten gnagar som av og til opptrer i store mengder

ågå:'le = forsterkande ord, som f.eks. i dæ va ein ågå:'le vind

bukjøy're = bukøyre, buføre, dvs. frakte utstyr og husdyr til stauls om våren

Heilt til slutt kan vi ta med nokre særeigne stadnamn som også har trykk på den andre stavinga og som er svært typiske for Tinn:

talå:'sn Tallåsen, gardsnamn

uda:'rn Uddaren, skriftform Ulleren, gardsnamn

gravøyn' skriftform Graveidet, eidet mellom Kilsfjorden og Gjøystdalvatn

tino:'se Tinnoset

kòbein'sru Kolbeinsrud, gardsnamn. Av mannsnamnet Kolbein.